

## Innkalling til møte i Styringsgruppen for lektorutdanningen Møte 2 - 2026

Tidspunkt: 28. mai 2026, kl. 13.00-15.00

Møtested: Lektorsenteret, Christies gate 20

### Forslag til dagsorden:

I Godkjenning av innkalling og dagsorden

II Godkjenning av protokoll fra møtet 19. mars 2026

Protokollen er sendt ut.

III Orienteringer fra leder av styringsgruppa

### Vedtaksaker

**Sak 9/26**      **Møtedatoer høst 2026**  
Notat fra lektorsenteret

### Orienteringssaker

**Sak 10/26**      **Søkertall til lektorutdanningen ved UiB**  
Notat fra lektorsenteret

**Sak 11/26**      **Orientering om rammeplanarbeidet**  
Notat og muntlig orientering fra lektorsenteret

**Sak 12/26**      **Orientering om partnerskap og tildelinger til kollektiv  
kompetanseutvikling i SKK for 2026/27**  
Notat fra lektorsenteret

### Drøftingssaker

**Sak 13/26**      **Budsjettinnspill for 2027**  
Notat fra lektorsenteret

**Sak 14/26**      **Eventuelt**

## **Kommende saker:**

### September:

- Opptakstall 2026 og studentrekruttering
- Nøkkeltall i lektorutdanningen
- Oppfølging av universitetsstyresak 23/26 Videreutvikling av modellen for organisering og koordinering av lektorutdanningen
- Rapport fra arbeidsgruppe for SKK

### Desember:

- Budsjett
- SKK - fordeling av midler til videreutdanning
- Møtedatoer for våren

**Sak 9/26      Møtedatoer høst 2026**

Notat fra Lektorsenteret

*Vedtaks sak*

## Notat

**Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen**  
**Møte: 28. mai 2026**

WebSak: 26/47420

---

Forslag til møteplan for høst 2025:

- 16. september, kl. 12.30–15.30 (utvidet møte for oppfølging av vedtak i universitetsstyret)
- 1. desember, kl. 14.00–16.00 (alternativ møtedato: 2. desember, kl. 13.30–15.30)

### **Forslag til vedtak:**

Styringsgruppen vedtar forslaget til møteplan for høsten 2026.

**Sak 10/26      Søkertall til lektorutdanningen ved UiB**

Notat fra lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen**  
**Møte: 28. mai 2026**

WebSak: 26/47420

---

### Lektorutdanninga nasjonalt – utvikling frå 2025-2026

Samanlikna med fjoråret har lektorutdanningsinstitusjonane vi har sett på, med unntak av UiT, ein auke i søkartalet til lektorutdanningane.

Tabell 1) Oversikt over søkartalet til lektorutdanninga per universitet:


| Institusjon                   | 2025 | 2026 | Endring 25-26 |
|-------------------------------|------|------|---------------|
| Lektor, 8.-13. trinn ved UiB  | 238  | 253  | 6,5 %         |
| Lektor, 8.-13. trinn ved UiO  | 349  | 384  | 10 %          |
| Lektor, 8.-13. trinn ved UiA  | 154  | 176  | 14 %          |
| Lektor, 8.-13. trinn ved NTNU | 429  | 498  | 16 %          |
| Lektor, 8.-13. trinn ved UiS  | 65   | 82   | 26 %          |
| Lektor, 8.-13. trinn ved UiT  | 61   | 56   | - 8 %         |

Kilde: Tala er henta frå Samordna opptak og Opptakskontoret ved UiB

### Utviklinga nasjonalt siste femårsperiode

Om vi ser på søkartalet over siste femårsperioden, som vist i diagrammet i tabell 2 nedanfor, ser vi at alle lektorutdanningsinstitusjonane hadde nedgang i søkartalet i perioden 2022–2025. Det er noko variasjon i når søkartalet var på botn hos dei ulike institusjonane, men søkar-tala til dei aller fleste er i 2026 på veg opp att. Samanlikna med dei fleste andre vi har sett på, har UiB likevel ein svakare oppgang i søkartalet siste år.

Tabell 2) Søkjartal til lektorutdanningsinstitusjonane 8-13 per institusjon siste fem år:



Kilde: Tala er henta frå Samordna opptak og Opptakskontoret ved UiB

Vi har også sett på den prosentvise nedgangen i søkartal i femårsperioden frå 2022-2026. I tabell 3 ser vi at, med unntak av UiT, så har UiB den største prosentvise nedgangen i søkartal mellom 2022 og 2026. Her bør det nemnast at dei fleste andre institusjonane hadde nedgang i søkartal i forkant av 2022, medan UiB, UiO og UiA hadde noko oppgang, og fekk først nedgang i søkartal frå og med 2022.

Tabell 3) Prosentvis endring i søkartal til lektorutdanninga 8-13 per institusjon siste fem år:

| Institusjon                      | Søkarar per år |      |      |      |      | Endring 2022-26 |
|----------------------------------|----------------|------|------|------|------|-----------------|
|                                  | 2022           | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 |                 |
| <b>Studium ved UiB - totalt</b>  | 373            | 242  | 243  | 238  | 253  | <b>- 32 %</b>   |
| <b>Studium ved UiO - totalt</b>  | 461            | 324  | 389  | 349  | 384  | <b>- 16,5 %</b> |
| <b>Studium ved UiA - totalt</b>  | 213            | 188  | 179  | 154  | 176  | <b>- 17,5 %</b> |
| <b>Studium ved NTNU - totalt</b> | 586            | 512  | 473  | 429  | 498  | <b>- 15 %</b>   |
| <b>Studium ved UiS - totalt</b>  | 93             | 70   | 67   | 65   | 82   | <b>- 12 %</b>   |
| <b>Studium ved UiT - totalt</b>  | 107            | 65   | 46   | 61   | 56   | <b>- 47,5 %</b> |

Kilde: Tala er henta frå Samordna opptak og Opptakskontoret ved UiB

Søkartala per studieretning for i perioden 2024-2026 er lagt ved i vedlegg 1.

### Lektorutdanninga ved UiB

Når vi går tilbake til søkartala for 2026 og ser på desse for UiB sin del, er det gledeleg å sjå at UiB sine søkartal til både 5LU og PPU har gått opp det siste året.

### Overordna tendensar ved UiB – 5LU og PPU

- Søkartalet til både 5LU og PPU er det høgaste sidan 2022 og 2023.
- For 5LU er det størst auke i søkartalet til engelsk og historie som fag 1, medan det det for PPU er størst auke i søkarar til realfaga.

- For 5LU er søkartalet til religionsvitenskap gått ned, medan det for PPU har gått kraftig opp.
- PPU i teoretiske og allmenne fag har ein samla oppgang på heile 21 %, med 339 søkjarar i 2026 mot 280 i 2025.

## Femårig lektorutdanning

Tabell 4) Tal på søkarar til 5LU 2022-2026, per studieretning og samanlikning med søkartala frå 2025:

| Studium                            | Studie-plassar 2026 | 2022       | 2023       | 2024       | 2025       | 2026       | Endring 25-26 |
|------------------------------------|---------------------|------------|------------|------------|------------|------------|---------------|
| Lektor, rel.vit.                   | 22                  | 18         | 8          | 13         | 13         | 5          | - 61,5 %      |
| Lektor, historie                   | 28                  | 106        | 81         | 68         | 67         | 81         | 21 %          |
| Lektor, fransk                     | 4                   | 4          | 1          | 2          | 3          | 2          | - 33,5 %      |
| Lektor, tysk                       | 4                   | 1          | 2          | 2          | 3          | 4          | 33,5 %        |
| Lektor, nordisk                    | 29                  | 28         | 13         | 22         | 36         | 29         | - 19,5 %      |
| Lektor, naturvit. eller matematikk | 38                  | 43         | 37         | 30         | 31         | 31         | 0             |
| Lektor, engelsk                    | 24                  | 77         | 41         | 37         | 30         | 43         | 43,5 %        |
| Lektor, samfunnsfag                | 17                  | 84         | 53         | 61         | 48         | 52         | 8,5 %         |
| Lektor, spansk                     | 7                   | 12         | 6          | 8          | 7          | 6          | - 14 %        |
| <b>Totalt</b>                      | <b>173</b>          | <b>373</b> | <b>242</b> | <b>243</b> | <b>238</b> | <b>253</b> | <b>6,5 %</b>  |

Kilde: Tala er henta frå Opptakskontoret ved UiB

- Studieretningane med størst auke i søkartalet er historie og engelsk. Saman med samfunnsfag er det òg desse som har flest søkarar i lektorutdanninga.
- Faget med størst nedgang er religionsvitenskap. Med fem førsteprioritet-søkarar har dei sitt lågast søkartal siste fem år.
- I fjor var nordisk faget med størst auke i søkartal. I år har talet gått noko ned, men har likevel sitt nest høgste søkartal siste fem år.
- Realfaga har framleis eit lågt søkartal, men har ikkje gått ytterlegare ned sidan i fjor.
- Søkartala til framandspråka, utanom engelsk, har mindre variasjonar, men er framleis låge. Spansk har flest søkarar.

Ikkje alle studieretningane vil få fylt studieplassane sine, medan andre studieretningar har potensial til å kunne overbooke sine dersom ein ønskjer det. I tabell 5 kan vi finne i kva grad UiB har klart å fylle opptaksramma si, i prosent, siste fire år. Tala kan gi ein peikepinn på i kva grad dei ulike studieretningane kan forvente å fylle plassane i 2026.

Tabell 5) Tal på møtt av opptaksramme, per program og studieretning, 2022 - 2025

|                           |                                | Årstal               |            |            |            |
|---------------------------|--------------------------------|----------------------|------------|------------|------------|
|                           |                                | Møtt av opptaksramme |            |            |            |
| Fakultet                  | Opptaksstudieprogram           | 2022                 | 2023       | 2024       | 2025       |
| <b>Grand Total</b>        |                                | <b>104%</b>          | <b>98%</b> | <b>87%</b> | <b>84%</b> |
| Det humanistiske fakultet | Total                          | 104%                 | 94%        | 92%        | 90%        |
|                           | Lektor, 8.-13. trinn, engelsk  | 200%                 | 133%       | 125%       | 96%        |
|                           | Lektor, 8.-13. trinn, fransk   | 25%                  | 25%        | 75%        | 50%        |
|                           | Lektor, 8.-13. trinn, historie | 136%                 | 179%       | 157%       | 157%       |
|                           | Lektor, 8.-13. trinn, nordisk  | 56%                  | 45%        | 41%        | 76%        |

|  |  |      |      |      |      |
|--|--|------|------|------|------|
|  | Lektor, 8.-13. trinn, religionsvitenskap         | 88%  | 45%  | 55%  | 36%  |
|  | Lektor, 8.-13. trinn, spansk                     | 70%  | 43%  | 71%  | 86%  |
|  | Lektor, 8.-13. trinn, tysk                       | 25%  | 50%  | 50%  | 25%  |
| Det samfunnsvitenskapelige fakultet      | Total  | 147% | 129% | 135% | 147% |
|  | Lektor, 8.-13. trinn, sosiologi                  | 147% | 129% | 135% | 147% |
| Fakultet for naturvitenskap og teknologi | Total  | 88%  | 95%  | 55%  | 37%  |
|  | Lektor, 8.-13. trinn, naturvit. eller matematikk | 88%  | 95%  | 55%  | 37%  |

Kjelde: Tala er henta frå Tableau

Det må presiserast at studentane søkjer på fag 1, ikkje på fag 2, og at vi ikkje veit kva fag 2 studentane vil velje når det blir aktuelt.

## PPU

UiB har to PPU program. PPU i allmenne fag, som er eigd og administrert av Det psykologiske fakultet og PPU i kunst, musikk og design, som er eig og administrert av Fakultet for kunst, musikk og design.

Søkartala til PPU i allmenne og teoretiske fag har gått opp og er dei høgste på fem år. Søkartalet til PPU i kunst, musikk og design har gått ned, men er likevel det nest høgste på fem år.

Tabell 6) Tal på søkarar til PPU 2022-2026, per program og samanlikning med søkartala frå 2025:

| PPU                              | 2022       | 2023       | 2024       | 2025       | 2026       | Endring 25-26 |
|----------------------------------|------------|------------|------------|------------|------------|---------------|
| PPU i teoretiske og allmenne fag | 308        | 241        | 258        | 280        | 339        | 21,5 %        |
| PPU i kunst, musikk og design    | 72         | 76         | 71         | 88         | 80         | - 9 %         |
| <b>Total</b>                     | <b>380</b> | <b>317</b> | <b>329</b> | <b>368</b> | <b>419</b> | <b>13 %</b>   |

Tala er henta frå Tableau og opptakskontoret

Tabell 7 viser at søkartala til PPU aukar til alle faga med unntak av faga norsk som andrespråk og spansk. Auken i søkartala er størst til realfaga og filosofi.

Nytt for 2026 er at alle realfaga også blir tilbodne innanfor rammene av eittfagsmodellen, og det er truleg ein medverkande årsak til den store auken i søkarar til desse faga. Lektorsenteret har i tillegg hatt ein større rekrutteringskampanje til PPU i år. Fokuset til kampanjen var å nå søkarar med kvalifikasjonane *bachelorgrad og 2 års relevant arbeidserfaring frå skule*, som er unntak frå masterkravet fram til 2029. Etter at opptaket er ferdighandsama vil vi kunne sjå nærare på kvalifikasjonane til studentane, og om vi har klart å nå ut til denne søkargruppa.

Tabell 7) Oversikt over tal på søkarar til PPU i allmenne og teoretiske fag, per fag, og samanlikning med søkartala frå 2025:

| Fag                  | 2022 | 2023 | 2024 | 2025 | 2026 | Endring 25-26 |
|----------------------|------|------|------|------|------|---------------|
| Norsk                | 46   | 35   | 34   | 38   | 42   | 10,5 %        |
| Norsk som andrespråk | 21   | 14   | 15   | 22   | 19   | - 13,5 %      |
| Fransk               | 8    | 3    | 8    | 9    | 18   | 100 %         |
| Engelsk              | 61   | 47   | 45   | 51   | 63   | 23,5 %        |
| Spansk               | 13   | 10   | 15   | 20   | 9    | - 55 %        |
| Tysk                 | 4    | 8    | 7    | 7    | 8    | 14 %          |
| Historie             | 76   | 54   | 52   | 52   | 56   | 7,5 %         |

|             |    |    |     |     |     |        |
|-------------|----|----|-----|-----|-----|--------|
| Religion    | 29 | 27 | 29  | 20  | 33  | 65 %   |
| Samfunnsfag | 96 | 87 | 102 | 102 | 119 | 16,5 % |
| Psykologi   | 48 | 36 | 45  | 50  | 54  | 8 %    |
| Biologi     | 41 | 48 | 35  | 38  | 49  | 29 %   |
| Fysikk      | 24 | 12 | 17  | 15  | 32  | 113 %  |
| Kjemi       | 19 | 25 | 27  | 20  | 28  | 40%    |
| Naturfag    | 58 | 63 | 58  | 49  | 78  | 59 %   |
| Matematikk  | 51 | 28 | 44  | 40  | 71  | 77,5 % |
| Filosofi    | 27 | 21 | 18  | 12  | 21  | 75 %   |

### PPU-master

Fakultet for naturvitenskap og teknologi har i år sitt andre opptak til den nye profesjonsretta masteren i realfag med praktisk-pedagogisk utdanning. Masterprogrammet er toårig og har 5 studieplassar.

Tabell 8) Viser søknads- og opptakstal til PPU-master frå og med 2025

| År   | MAMN-PPU | Studieplassar | Tal på søkarar | 1.prioritet | Fått tilbod | Registrert |
|------|----------|---------------|----------------|-------------|-------------|------------|
| 2026 |          | 5             | 26             | 15          |             |            |
| 2025 |          | 5             | 38             | *           | 3           | 1          |

\* blei gjennomført som eige opptak i 2025, og difor ikkje mogleg å vite kva prioritet søknadane hadde samanlikna med andre masterprogram.

I fjor skjulte søkartalet eit spekter av søkarar der mange ikkje hadde realfag frå tidlegare, og dermed ikkje var kvalifiserte. Vi håpar at årets søkarar treffer betre på opptakskriteria.

Saka blir lagt fram for styringsgruppa til orientering og for eventuelle innspel til tiltak og oppfølging. Når opptaket er gjennomført vil styringsgruppa få ei ny sak om resultata av rekrutteringsarbeidet og opptaket, der det og vil vere aktuelt å drøfte tendensar og tiltak i rekrutteringsarbeidet fram mot opptaket 2027.

## VEDLEGG 1:

## NASJONALE SØKARTAL PER STUDIERETNING 2024 – 2026

| Studium ved UiO                             | 2024        | 2025        | 2026        | Endring 25-26        |
|---|-------------|-------------|-------------|----------------------|
| Lektor, 8.-13. trinn, engelsk               | 66          | 50          | 61          | 22 %                 |
| Lektor, 8.-13. trinn, norsk                 | 49          | 40          | 54          | 35 %                 |
| Lektor, 8.-13. trinn, fremmedspråk          | 18          | 23          | 15          | - 25 %               |
| Lektor, 8.-13. trinn, religion og etikk     | 21          | 26          | 22          | - 15,5 %             |
| Lektor, 8.-13. trinn, historie              | 98          | 98          | 86          | - 12 %               |
| Lektor, 8.-13. trinn, samfunnsfag           | 99          | 77          | 92          | 19,5 %               |
| Lektor, 8.-13. trinn, realfag               | 38          | -           | -           | -                    |
| Lektor, 8.-13. trinn, Kjemi                 |             | 3           | 4           | 33,5 %               |
| Lektor, 8.-13. trinn, Matematikk            |             | 18          | 28          | 55,5 %               |
| Lektor, 8.-13. trinn, Geofag                |             | 3           | 6           | 100 %                |
| Lektor, 8.-13. trinn, Biologi               |             | 9           | 12          | 33,5 %               |
| Lektor, 8.-13. trinn, Fysikk                |             | 2           | 12          | 500 %                |
| <b>Totalt</b>                               | <b>389</b>  | <b>349</b>  | <b>384</b>  | <b>10 %</b>          |
| <b>Studium ved UiA</b>                      |             |             |             |                      |
|   | <b>2024</b> | <b>2025</b> | <b>2026</b> | <b>Endring 25-26</b> |
| Lektor, m/engelsk i første studieår         | 21          | 17          | 21          | 23,5 5               |
| Lektor, m/historie i første studieår        | 40          | 37          | 27          | - 27 %               |
| Lektor, m/idrett i første studieår          | 44          | 32          | 44          | 37,5 %               |
| Lektor, m/norsk i første studieår           | 15          | 17          | 16          | - 6 %                |
| Lektor, m/religion i første studieår        | 11          | 8           | 12          | 50 %                 |
| Lektor, m/matematikk i første studieår      | 9           | 10          | 9           | - 10 %               |
| Lektor, m/naturfag i første studieår        | 5           | 10          | 3           | - 70 %               |
| Lektor, m/fremmedspråk i første studieår    | 4           | 5           | 7           | 40 %                 |
| Lektor m/samfunnskunnskap i første studieår | 30          | 18          | 37          | 105,5 5              |
| <b>Totalt</b>                               | <b>179</b>  | <b>154</b>  | <b>176</b>  | <b>14 %</b>          |
| <b>Studium ved NTNU</b>                     |             |             |             |                      |
|   | <b>2024</b> | <b>2025</b> | <b>2026</b> | <b>Endring 25-26</b> |
| Lektor i geografi                           | 12          | 11          | 19          | 72, % %              |
| Lektor i historie                           | 99          | 79          | 99          | 25,5 %               |
| Lektor i kroppsøving og idrettsfag          | 118         | 138         | 156         | 13 %                 |
| Lektor i realfag                            | 62          | 54          | 50          | - 7, % %             |
| Lektor i samfunnsfag,                       | 83          | 69          | 93          | 35 %                 |
| Lektor i språkfag/engelsk,                  | 62          | 51          | 47          | - 8 %                |
| Lektor i språkfag/fransk,                   | 3           | -           | 3           |                      |
| Lektor i språkfag/nordisk,                  | 31          | 23          | 27          | 17,5 %               |
| Lektor i språkfag/tysk,                     | 3           | 4           | 1           | - 75 %               |
| <b>Totalt</b>                               | <b>473</b>  | <b>429</b>  | <b>498</b>  | <b>16 %</b>          |
| <b>Studium ved UiS</b>                      |             |             |             |                      |
|   | <b>2024</b> | <b>2025</b> | <b>2026</b> | <b>Endring 25-26</b> |
| Lektor, humanistiske fag                    | 57          | 56          | 70          | 25 %                 |
| Lektor, realfag                             | 10          | 9           | 12          | 33,5 %               |
| <b>Totalt</b>                               | <b>67</b>   | <b>65</b>   | <b>82</b>   | <b>26 %</b>          |

| <b>Studium ved UiT</b>       | <b>2024</b> | <b>2025</b> | <b>2026</b> | <b>Endring 25-26</b> |
|------------------------------|-------------|-------------|-------------|----------------------|
| Lektor, realfag              | 4           | 6           | 8           | 33,5 5               |
| Lektor, språk og samfunnsfag | 43          | 55          | 48          | - 13%                |
| <b>Totalt</b>                | <b>46</b>   | <b>61</b>   | <b>56</b>   | <b>- 8 %</b>         |

*Kilde: Tala er henta frå Samordna opptak og Opptakskontoret ved UiB*

**Sak 11/26      Orientering om rammeplanarbeidet**

Notat fra lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen**  
**Møte: 28. mai 2026**

WebSak: 26/47420

---

[Kunnskapsdepartementet har åpna for](#) innspel til det pågåande arbeidet med felles rammeplan for lærarutdanningane. Høyring om felles rammeplan vil kome i september med høyringsfrist i desember. Vedtak skal kome i løpet av «vinteren 2027», og rammeplanen vil så kunne gjelde frå hausten 2028.

UiB ønskjer å delta i innspelsrunden og har utarbeidd eit innspel til KD etter følgende prosess:

| Fristar | Kva  |
|---------|--|
| 12. mai | Sak i felles programstyre: Framlegg til innspelsbrev frå UiB vert lagt fram til drøfting                                       |
| 13. mai | Utkast til innspelsbrev frå UiB vert justert etter innspel frå programstyret og send til prorektor for avklaring i rektoratet. |
| 21. mai | Innspelsbrev vert send til styringsgruppa til orientering  |
| 22. mai | Innspelsbrev blir sendt på e-post til KD på: <a href="mailto:postmottak@kd.dep.no">postmottak@kd.dep.no</a>                    |

Styringsgruppa får kopi av innspelsbrevet til orientering i denne saka. (vedlegg 2).

## VEDLEGG 2: UIB SITT INNSPEL TIL DET PÅGÅANDE ARBEIDET MED FELLES RAMMEPLAN

Universitetet i Bergen viser til at Kunnskapsdepartementet har opna for innspel til det pågåande arbeidet med felles rammeplan for lærarutdanningane. I den samanhengen ønskjer vi å kome med innspel primært knytt til dei lærarutdanningsprogramma som er relevante for oss, nemleg lektorutdanning 8–13 og PPU-A.

### 1) Generelle innspel

UiB støttar hovudmålet om at styringa av lærarutdanningane bør bli meir overordna og mindre detaljstyrt, og at lærarutdanningsinstitusjonane får større handlingsrom til å utvikle sine program. Ulike lærarutdanningar er retta mot ulike kontekstar, og dei har ulikt rekrutteringsgrunnlag. På det grunnlaget har òg mangfald i utdanningstilboda ein verdi. UiB vil vidare leggje vekt på verdien av fagleg kvalitet og relevans i lærarutdanningane og i den samanhengen påpeike skilnadene i oppbygging, innhald og funksjon mellom lektorutdanning og grunnskulelærarutdanning. Vi er uroa over at grunnskulelærarutdanninga i for stor grad kan bli premissleverandør for rammeplanprosessen.

### 2) Innspel til felles rammeplantekst

#### *Generelt om teksten*

Framlegg til felles rammeplantekst er, slik UiB ser det, for detaljert. Teksten inneheld tolkingar og utdjuvingar av kjernekompetansar som er såpass omfattande at dei til tider liknar på dagens læringsutbytteformuleringar. Ein del av utdjuvingane kan heller plasserast i nasjonale retningslinjer. Vi vil elles påpeike at formuleringar som inneheld vurdering av intensjonar, t.d. at partnerskap «gir merverdi utover det hver enkelt aktør kan oppnå alene», framstår som avvik frå forskriftsjangeren.

I ein prosess der rammeplanen uansett blir revidert, er det legitimt at nokre nye innhaldskomponentar kan kome inn, t.d. om overgangar og språklege ferdigheiter. Endringar som medfører strukturelle endringar, t.d. om praksis, vil derimot stå i motstrid til intensjonane med arbeidet (jf. nedanfor).

#### *Omfang av praksis*

UiB vil markere seg imot framlegget om å auke omfanget av praksis i lektorutdanningane frå 100 dagar til 105 dagar. Ein slik auke vil medføre endringar og auka kostnader i eksisterande lektorutdanningsprogram, i strid med premissane for rammeplanarbeidet.

UiB meiner at det er meir treffsikkert å formulere krav til omfang av praksis i underkapitla enn i fellesdelen (slik ekspertgruppa òg føreslo i sin sluttrapport). Difor føreslår vi krav til minst 100 dagar praksis formulert i underkapittel for trinn 11–13, medan det i underkapittelet for trinn 8–10 kan vere formulert krav på 110 dagar for dei utdanningane som ikkje òg gir utdanning for 11–13. Ein kan på den måten differensiere etter same mønsteret som ein differensierer i krav til fagdidaktikk og masteroppgåver for ulike lærarutdanningar (jf. nedanfor).

#### *Arenaer for praksis*

UiB vil markere seg imot framlegget om at «praksisopplæringa skal foregå på læringsarenaer hvor barnehagen og grunnopplæringens aktiviteter foregår».

Framlegget indikerer sterkare detaljstyring og representerer ei innsnevring av dei eksisterande arenaene for praksisopplæringa. Vi vil i denne samanhengen vise til formuleringa i

[sluttrapporten frå ekspertgruppa](#): «nye styringsformer [gir] anledning til å utforske mulighetsrommet mer og tenke nytt om mulige praksisformer» (s. 124).

I tråd med føringane frå ekspertgruppa meiner vi at spesifiseringar av praksisarenaer bør vere noko som profesjonsfellesskapen utviklar i kollegialt fellesskap. For lektorutdanning og PPU er dette i dag definert i nasjonale retningslinjer: «Praksisstudiet består av aktiviteter som inngår i en lærers arbeidsplanfestede dag og består av [...]».

#### *Partnerskap*

UiB er svært positiv til verdien av partnerskap, og har inngått fleire partnerskapsavtalar. Vi stiller oss derimot undrande til at lærarutdanningsinstitusjonar skal få krav gjennom forskrift om å inngå i partnerskap med skuleeigarar, medan skuleeigarar ikkje får tilsvarande krav. Dersom krav om partnerskap skal inn i rammeplanen, er det rimeleg at tilsvarande krav blir forskriftsfesta for skuleeigarar. UiB reagerer vidare på detaljnivået i beskrivingane av partnerskap, t.d. om at studieplanar skal utarbeidast saman med partnerar. Vi ser det som meir føremålstenleg at detaljar om partnerskap blir beskrivne i nasjonale retningslinjer.

#### *Norsk*

UiB ser det som legitimt at det i rammeplanen blir formulert forventingar knytte til utvikling av ferdigheiter i munnleg og skriftleg norsk.

#### *Namnet lektorutdanning*

Nemninga *lektorutdanning* er i løpet av 2000-talet blitt godt innarbeidd som utdanningskategori, og den markerer nokre funksjonelle skilnader mellom ulike typar lærarutdanningar. UiB ønskjer at nemninga skal bli vidareført.

#### *Nasjonale retningslinjer*

Som nemnt ovanfor er det fleire moment som heller kan utdjupast i nasjonale retningslinjer enn i rammeplanteksten. Det handlar bl.a. om å forklare sentrale omgrep og om å operasjonalisere forståinga av kjernekompetansar, praksisarenaer og praksisformer, partnerskapsformer, profesjonsretting og profesjonsrelevans. På den måten kan vi òg få ei tydelegare sjangeravklaring, i tråd med tilrådingane frå ekspertgruppa. Rammeplanen gir ein minimumsdefinisjon av kva lærarutdanning er, medan nasjonale retningslinjer uttrykkjer kollegiale normer for *god* lærarutdanning.

### 3) Innspel til underkapittel

#### *Underkapittel for trinn 8–10, grunnskulen*

UiB ønskjer å markere verdien av ulike typar lærarutdanningar, og at strukturar for ulike lærarutdanningsprogram dermed blir omtala som likeverdige. For dette underkapitlet er det relevant bl.a. for måten ein omtalar fagdidaktikk og masteroppgåva på. I underkapitlet blir ordninga som gjeld for dagens grunnskulelærarutdanning, framstilt som normalordning, medan ordninga for dagens lektorprogram blir framstilt som eit unntak frå den normalen. UiB sitt alternative framlegg er ei framstillingsform som sidestiller to likeverdige alternativ. Det betyr at det bør bli formulert at fagdidaktikken *anten* kan vere integrert i eit fagemne *eller* inngå som eige emne, og at masteroppgåva *anten* kan vere profesjonsrette og praksisorientert *eller* profesjonsrelevant.

Dei fleste kulepunktformuleringar i underkapitlet svarar til kompetansemål som finst i eksisterande rammeplan for lektorutdanning. UiB merkar seg samtidig at det som står i «Forslag

til underkapitler i ny felles rammeplan for lærerutdanningene» ikkje er identisk med det som står «Begrunnelser for forslag til underkapittel om lærerutdanning for trinn 8–10». I sistnemnde tekst er følgjande kulepunkt med, men manglar i «Forslag til underkapitler»: «• å kunne delta i og legge til rette for et godt skole-hjem-samarbeid, å kunne møte barn og unge i vanskelige livssituasjoner og ha kunnskap om vold og seksuelle overgrep.» Innhaldet i dette kulepunktet svarar til kompetansemål i dagens rammeplan om «*relasjoner til elever og foresatte*» og «*kunnskap om barn og unge i vanskelige livssituasjoner, herunder kunnskap om vold og seksuelle overgrep mot barn og unge, om deres rettigheter i et nasjonalt og internasjonalt perspektiv, og om hvordan sette i gang nødvendige tiltak etter gjeldende lovverk.*» Det er antydning at dersom denne ikkje kjem med i underkapittelet, bør den stå i fellesteksten, men det er ikkje gjort. UiB ser det som legitimt at den kjem med.

#### *Underkapittel for trinn 11–13, vidaregåande opplæring*

UiB støttar framlegg til kulepunkt som spesifiserer at studentar som tek utdanning som kvalifiserer til utdanningstrinna 8–13, skal ha minst 30 studiepoeng fagdidaktikk som eige emne, og vi støttar minimumsspesifikasjonar om kva fagdidaktikken handlar om. Dette inngår som viktige betydningsmarkørar for den faglege eigenarten til lektorutdanninga. På det grunnlaget støttar vi òg framlegget om at masteroppgåva kan vere anten fagdidaktisk eller disiplindeflagleg innretta. Vidare støttar vi krav om praksis i vidaregåande skule.

Underkapittelet inneheld eit kulepunkt om overgangar. Det representerer eit nytt innhald i høve til dagens rammeplan. Samtidig verkar punktet legitimt med tanke på innsikt frå arbeidet med *Fullføringsreformen* og at elevane i vidaregåande skule skal bli meir studieførebuende.

UiB ser det som rimeleg med eit byggjesteinsprinsipp mellom utdanningane retta mot 8–10 og 11–13. Difor ser vi det som unødvendig med ei formulering om digitale verktøy i underkapitlet om 11–13, sidan det finst i underkapitlet om 8–10.

#### *Underkapittel for praktisk-pedagogisk utdanninga - allmenn*

UiB ser det som ei fornuftig praktisk løysing at PPU-A får tildelt eit eige underkapittel.

#### *Underkapittel for førebuende og vidaregåande opplæring for vaksne*

Framlegget om eit eige underkapittel for vaksenopplæring framstår som utydeleg og kan ha fleire utilsikta verknader, bl.a. ei strengare regulering av lærerutdanningane og mindre rekruttering til feltet. Også framlegget om at ein skal nemne gruppa «voksne» i samanhengar der barn og unge blir nemnde, bør vurderast nøye.



**Sak 12/26      Orientering om partnerskap og tildelinger til  
kollektiv kompetanseutvikling i SKK for  
2026/27**

Notat fra lektorsenteret

*Orienteringssak*

## Notat

**Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen**  
**Møte: 28. mai 2026**

WebSak: 26/47420

---

### Bakgrunn

I januar 2026 trådte nye forskrifter om tilskudd til kollektiv kompetanseutvikling for lærere og andre ansatte i skolen i kraft. Kollektiv kompetanseutvikling inngår nå som del av et helhetlig system for kompetanse- og karriereutvikling.

UiB mottar tilskudd for å delta i partnerskap med skoler i Vestland i både tilskuddsordningen for kollektiv kompetanseutvikling for barnehage og grunnskoleskole, og i tilskuddsordningen for kollektiv kompetanseutvikling i videregående opplæring. Førstnevnte tilskuddsordning forvaltes av Statsforvalteren i Vestland, men den andre forvaltes av Vestland fylkeskommune.

UiB er representert i samarbeidsforum for tilskuddsordningene på begge nivå (barnehage/ grunnskole og videregående opplæring), der langsiktige planer for arbeidet samt fordeling av midlene behandles.

### Partnerskap og tildelinger for studieåret 2026-27

Samlet mottar UiB for studieåret 2026-2027 kr 4367 940 i tilskuddsmidler i de to ordningene for kollektiv kompetanseutvikling. Dette er en økning på 37 % sammenlignet med året før.

UiB har i 2026 opplevd en økt interesse fra skoleeiere og kompetanseregioner i ordningen. Det kan her være en sammenheng med innføringen av SKK, som har skapt et økt fokus på betydningen av kompetanseutvikling i partnerskap. Samtidig har vi ved UiB over tid utviklet mer kunnskap om partnerskapsarbeid, og vi legger mer systematisk til rette for denne typen arbeid. Et konkret resultat er at fagmiljøer fra de aller fleste lektorutdanningsmiljøene nå deltar som utviklingspartnere for skolene i den kollektive kompetanseutviklingen. På den måten ligger vi bedre an enn tidligere til å utvikle det «doble» formålet med SKK, nemlig at ordningen ikke bare skal bidra til å utvikle skolene, men òg lærerutdanningen og lærerutdanningsmiljøene.

#### *Partnerskap i tilskuddsordning for kollektiv kompetanseutvikling for barnehage og grunnskole*

UiB vil i 2026-2027 bidra inn i partnerskap med skoler i tre av de 11 kompetanseregionene i Vestland fylke: Bergen kommune, Ytre Midthordland (Øygarden kommune) og Hardanger/Voss. Hardanger/Voss er et nytt partnerskap fra 2026, mens de andre er videreføring av allerede eksisterende partnerskap.

Partnerskapene skal ha en varighet på minimum tre år, men tildelingen til de enkelte tiltakene skjer årlig.

| Kompetanseregion | Tema  | Antall skoler | Tilskudd |
|------------------|---|---------------|----------|
| Bergen kommune   | Profesjonsfaglig digital kompetanse/kunstig intelligens | 4 skoler      | 820 000  |

|                   |   |            |         |
|-------------------|---|------------|---------|
| Ytre Midthordland | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Trygt og godt i barnehage og skule</li> <li>• Språk, lesing og skriving i barnehage og skule</li> <li>• Inkluderende læringsmiljø</li> </ul> | 5 skoler   | 216 151 |
| Hardanger Voss    | Læringsledelse  | 2-4 skoler | 210 394 |

### *Partnerskap i tilskuddsordning for kollektiv kompetanseutvikling for videregående opplæring*

Gjennom partnerskapet med Vestland fylkeskommune vil UiB i 2026-27 samarbeide med fem videregående skoler om utviklingstiltak på skolenivå. Dette er tiltak som skjer på skolene og som skal styrke det profesjonelle læringsfellesskapet, inkludert tiltak som krever mer fagspesifikke og målrettede innretninger ift læreplanverket og formålsparagraf.

I tillegg vil UiB inngå partnerskap med tre videregående skoler innenfor det som i SKK kalles «helhetlig del». Helhetlig del handler om det tverrfaglige samarbeidet om elever med behov for tilrettelegging, frafallsproblematikk, m.m. (laget rundt eleven) og omfatter tema knyttet til spesialpedagogikk og inkluderende praksis.

UiB har hatt et pågående samarbeid med Vestland fylkeskommune siden tilskuddsordningene ble innført. De enkelte tiltakene i partnerskapet har vanligvis en varighet på to år, men finansieres gjennom årlige tildelinger.

|                               | <b>Tema</b>   | <b>Antall skoler</b> | <b>Tilskudd</b> |
|-------------------------------|---|----------------------|-----------------|
| Utviklingstiltak på skolenivå | <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tilpasset opplæring og vurdering</li> <li>• Elevaktiv læring, digital dømmekraft og ny teknologi</li> <li>• Tilpasset opplæring i matematikkfaget</li> <li>• Vurdering og elevinvolvering.</li> <li>• Vurdering og ny teknologi</li> </ul> | 5 skoler             | 1 973 295       |
| Helhetlig del                 | Spesialpedagogikk og inkluderende praksis   | 3 skoler             | 1 148 100       |

## Videre arbeid

Basert på vedtakene om tilskudd i de to ordningene, har partnerskapene nå frist til i samarbeid å konkretisere tiltakene frem mot oppstart høsten 2026. Det betyr at lektorsenteret nå går i dialog med både skoleeiere og skoler, samtidig som vi starter arbeidet med å knytte fagmiljøer ved UiB til de enkelte partnerskapene, der hvor dette ikke allerede er avklart.

**Sak 13/26      Budsjettinnspill for 2027**

Notat fra lektorsenteret

*Drøftingssak*

## Notat

**Til: Styringsgruppen for lektorutdanningen**  
**Møte: 28. mai 2026**

WebSak: 26/47420

---

### Saken gjelder

Denne saken skal gi styringsgruppen grunnlag for å drøfte budsjettprioriteringer for lektorutdanningen for 2027. Saken danner grunnlag for videre innspill i UiBs budsjettprosess, der lektorsenteret melder budsjettbehov via studieavdelingen i løpet av august.

### Bakgrunn og rammer

UiBs budsjettarbeid for 2027 har mål om langsiktighet, tydelige prioriteringer og bred involvering, jf. universitetsstyresak 36/26 *Foreløpige rammer for budsjett 2027*.

Ifølge sitt mandat skal styringsgruppen «vedta budsjett for aktiviteter organisert av lektorsenteret».

Foreløpige rammer for budsjett 2027 innebærer lønns- og priskompensasjon på 3,25 % og et generelt kutt på 0,72 %. Lektorsenterets budsjett har i tidligere år vært skjermet fra de generelle kuttene, mens praksisbudsjettet har fått samme kutt som øvrige fagmiljø.

### Budsjettstruktur for lektorutdanningen

Budsjettmidler for studieplasser og resultatmidler fordeles til fakultetene, på samme måte som for øvrige utdanninger og i tråd med UiBs budsjettmodell. Midlene disponeres av fakultetene og omtales ikke videre i denne saken.

Budsjettmidler som dekker aktivitetene som koordineres ved lektorsenteret, tildeles som to øremerkede poster på Studieavdelingens budsjett, hhv. *lektorsenteret* og *praksisbudsjettet*. Det er disse to øremerkede postene som er gjenstand for drøfting i denne saken.

Samtidig er det verdt å nevne at UiBs lektorutdanning også mottar eksterne midler og budsjetttildelinger gjennom System for kompetanse- og karriereutvikling (SKK). Disse midlene gjelder individuell og kollektiv kompetanseutvikling for skolen og veiledningsordning for nyutdannede lærere. UiB mottar disse midlene i kraft av sin rolle som lærerutdanningsinstitusjon.

I 2026 utgjør dette nærmere 12 millioner samlet og dermed en ikke ubetydelig finansieringskilde for faglige aktiviteter knyttet til lektorutdanningen:

- 7,1 mill. i øremerket bevilgning over statsbudsjettet til individuell kompetanseutvikling (videreutdanning) for skolen
- 4,4 mill. i tilskuddsmidler (eksterne boa-midler) til kollektive kompetansetiltak med skoler og skoleeiere
- 0,4 mill. i søknadsbaserte midler knyttet til veiledningsordningen for nyutdannede lærere

En arbeidsgruppe nedsatt av lektorsenteret arbeider våren 2026 med en utredning av UiBs arbeid og målsettinger i SKK og vil levere en rapport innen 15. august som styringsgruppen får til behandling til høsten.

## Budsjett for 2026 og estimat for 2027: lektorsenter og praksisbudsjett

I tabell 1 vises tildelingene til lektorsenter og praksisbudsjett for 2026, og et estimat for 2027. Det understrekes at tildelingene for 2027 ikke fastsettes før universitetsstyrets budsjettsak i oktober.

Tabell 1: tildelinger til lektorsenter og praksisbudsjett, estimat for 2027

| Tildeling                        | 2026        | Foreløpig estimat 2027 |
|----------------------------------|-------------|------------------------|
| Lektorsenter                     | 10 419 000  | 10 757 618             |
| Praksis i lektorutdanning og PPU | 12 360 000* | 9 346 000**            |

\*Det ble gitt en midlertidig økning i praksisbudsjettet i 2026 for å dekke dobbel langpraksis høsten 2026. \*\* Estimetet er korrigert for midlertidig tillegg for ekstra praksis i 2026.

Kostnadene som skal dekkes av praksisbudsjettet avhenger hovedsakelig av studenttallet på kullene som skal ut i praksis. Denne saken legger derfor ikke opp til drøfting av prioriteringer for praksisbudsjettet for kommende år, men konsentrerer seg om budsjettet for lektorsenteret. Lektorsenteret gjør en analyse av forventet studenttall i praksis før innsending av budsjettinnspill for 2027.

Tabell 2 under viser en forenklet versjon av vedtatt budsjett for 2026 for lektorsenteret.

Styringsgruppen inviteres til å drøfte prioriteringer innenfor forventet ramme for 2027, særlig prioriteringer under *Fellesaktiviteter i lektorutdanningen*. Kostnader til lønn og drift for lektorsenteret omfatter i hovedsak faste kostnader.

Prioriteringer for lektorutdanningen påvirkes av ulike rammevilkår og prosesser både nasjonalt og lokalt. I det følgende redegjøres det for forhold som særlig danner grunnlag for planlegging av aktiviteter i 2027. De ulike forholdene har i ulik grad budsjettmessige konsekvenser, men alle vil ha innvirkning på lektorsenterets prioriteringer og arbeid i 2027.

| Tabell 2: Styringsgruppens budsjettvedtak for lektorsenter 2026 ( <a href="#">sak 27/25 Budsjett 2026</a> ) |   | 2026       |
|---|---|------------|
| <b>Lektorsenter</b>   |   |            |
| <b>Inntekter</b>  |   |            |
| Budsjettildeling lektorsenter   |   | 10 419 000 |
| Inntekter for eksterne midler   |   | 248 000    |
| <b>Kostnader</b>  |   |            |
| Lønn og drift av lektorsenteret   |   | 8 120 600  |
| Fellesaktiviteter i lektorutdanningen SUM   |   | 2 548 000  |
|   | Fagutvalget for lektorutdanningen (FIL) | 60 000     |
|   | Lektorseremoni                          | 125 000    |
|   | Lektorutdanningskonferansen             | 390 000    |
|   | Rekruttering 5LU og PPU                 | 150 000    |
|   | Arrangement og møteplasser              | 230 000    |
|   | Praksisutvalget                         | 50 000     |
|   | Lærernes dag                            | 650 000    |
|   | Kvalitet i praksis                      | 893 000    |

## Rammevilkår for prioriteringer i lektorutdanningen ved UiB i 2026/27

### *Nasjonale prosesser og styringstiltak: rammeplan og SKK*

Det foregår p.t. to nasjonale prosesser som påvirker lektorutdanningen: arbeidet med ny og felles rammeplan for lærerutdanningene og innføringen av den nye strategien for kompetanseutvikling for skolen (SKK).

### *Rammeplan*

Utkast til ny rammeplan kommer på høring høsten 2026, og det er forventet at den blir vedtatt vinteren/våren 2027. Dersom ny rammeplan innebærer endring av antall praksisdager og/eller endring i muligheten for kampusbaserte praksisdager, vil den få konsekvenser for studieløpet ved UiB. Det kan i tilfelle bli behov for å sette av ressurser til en ny redesign av lektorutdanningen. (Se også orienteringssak 11/26 *Orientering om rammeplanarbeidet.*)

### *System for kompetanse- og karriereutvikling*

Den nye strategien SKK innebærer endringer i organisering og videreutvikling av videreutdanningsporteføljen for lærere og for sammenhengen mellom UiBs arbeid i kollektiv kompetanseutvikling og videreutdanning. Tildelingen UiB får til videreutdanning for lærere fordeles til fakultetene og inngår ikke i lektorsenterets budsjett. Midler til arbeid i kollektiv del av SKK fordeles som eksterne midler i årlige tildelinger fra hhv statsforvalter og fylkeskommune. Endringene i SKK har dermed ikke direkte budsjettkonsekvenser for *lektorsenter* eller *praksisbudsjett*. Aktivitetene i SKK påvirker imidlertid samarbeidet med praksisfeltet og kvalitetsarbeidet i lektorutdanningen og vil i et langsiktig perspektiv ha strategiske konsekvenser. *Partnerskap og universitetsskoler*

Både i rammeplanarbeidet og SKK legges partnerskap mellom UH og skolen til grunn som en struktur for kvalitetsutvikling.

UiB mottar i tillegg som del av budsjetttrammen i overkant av 1,1 mill til partnerskapsarbeid i lektorutdanningen, med føring om å «... styrke praksis i lærerutdanningene» og «å føre videre partnerskapa og anna arbeid med kvalitetsutvikling i lærerutdanning» (se [sak 26/24: Budsjett 2025](#)).

Disse midlene er bl.a. lagt til grunn for finansiering av universitetsskolepiloten ved UiB H2026-V2029, inkl. utvikling av mikroemne i veiledning, og til partnerskapsstillinger. (Budsjettet under *kvalitet i praksis* i tabell 2).

*Rekruttering* Rekrutteringen til lektorutdanningen ved UiB er for lav på flere studieretninger. UiB deltar både i nasjonale og regionale samarbeid om rekruttering til lærerutdanning og har årlig satt av midler til rekrutteringsarbeid. I budsjettet for 2026 ble det satt av 150 000 til rekrutteringstiltak (annonser, SoMe-annonser, google ads, rekvisitter, m.m.). I tillegg ble det satt av ca 70 000 til lønnsmidler for studentambassadør under *Lønn*. Styringsgruppen kan vurdere om det skal planlegges for ytterligere rekrutteringstiltak i lektorsenterets budsjett for 2027.

*Kvalitet i utdanningen* Implementering av ny studiemodell startet i 2024 og følges opp i samarbeid med prosjektgruppen og fakultetene. At modellen er i en implementeringsfase, betyr at det fortsatt foregår utviklingsarbeid. Det gjennomføres semestervise evalueringsmøter, der en fortløpende vurderer erfaringene med ny studiemodell. På tampen av 2025 fordelte lektorsenteret 1 mill. i ubrukte midler til fakultetene til utviklingsarbeid og tilpasninger til ny studiemodell i 2026. Styringsgruppen kan vurdere om det er ønskelig å sette av denne typen utviklingsmidler i 2027.

### *Digitalt støttesystem for praksis*

Kvalitet i praksis påvirkes også av den praktiske organiseringen – både faglig og administrativt - av

praksisutplasseringen. Lektorsenteret deltar sammen med Det medisinske fakultet i en utredning av behovet for et digitalt støttesystem for praksis. Behovet har vært adressert før, og lektorsenteret har tidligere gjennomført et [pilotprosjekt med den digitale plattformen MOSO](#). Dersom det viser seg å være grunnlag for å anskaffe et felles digitalt system for praksisstøtte ved UiB, vil dette innebære en økonomisk investering for lektorutdanningen. Et slikt system må imidlertid forberedes godt i samarbeid med brukergruppene i lektorutdanningen. Det vil kunne tas i bruk tidligst høsten 2027.

#### *Lektorutdanningskultur*

En annen utfordring er å videreutvikle en *lektorutdanningskultur* ved UiB, som igjen kan bidra til mer helhet og sammenheng mellom profesjonsfag, disiplin fag og praksisfeltet. De felles arrangementene som koordineres av lektorsenteret skal bidra til arbeidet med å skape en felles kultur og identitet på tvers av UiB og skolene, mellom fagmiljøene i utdanningen, og mellom de ansatte og studentene. (Se *Arrangement og møteplasser* i tabell 2). *Statistikk og analyse som grunnlag for kvalitetsutvikling:* Studentgjennomføring i lektorutdanningen har hatt en positiv utvikling senere år, og det er viktig at dette blir fulgt opp. Det er samtidig ønskelig med en mer systematisk oppfølging av nøkkeltall for å kunne identifisere både suksessområder og problemområder, og dermed også kunne iverksette tiltak. Det planlegges en sak for styringsgruppen om dette til høsten. På nasjonalt plan er lektorsenteret, sammen med Det psykologiske fakultet, involvert i søknaden om det nasjonale forskningsinfrastrukturprosjektet [Teacher Education Panel Study \(TEPS\)](#), ledet av OsloMet. TEPS kan bidra med mer solid kunnskapsgrunnlag for å kvalitetssikre og videreutvikle lærerutdanningene. Dersom prosjektet får støtte, vil lektorsenteret etter planen få dekket en 5 % ressurs til arbeid i prosjektet.

#### *Videre prosess*

Styringsgruppens innspill og ønsker om prioriteringer tas med i arbeidet frem mot budsjettinnspill i august. Styringsgruppen får budsjett for lektorsenteret og praksisbudsjettet til behandling og vedtak i siste møte i 2026.

Saken legges fram for styringsgruppen til drøfting, og innspill fra drøftingene i møtet legges til grunn for det videre arbeidet med budsjettinnspill for lektorsenteret og praksisbudsjettet for 2027.